



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	4/17
Møtedato:	2.10.2017
Tid:	Kl. 13.00 – kl. 16.10
Møtestad:	Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr:	21/17 – 28/17
Møteleiar:	Stig Holmstrøm, leiar (Ap)
Møtande medlemmer:	Birgit Torkildson Grotle (Ap) Dagfinn Wiik (Pp) Frank Ove Belsvik (Frp)
Forfall:	Gro Ødegård, nestleiar (H)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Lars Christian Fjørtoft (V)
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Einar Andersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte:	Tone Roaldsnes, administrasjonssjef Elly Slettvoll, einingsleiar for Barn, ungdom og familie Anne Elin Frøysa, fagleiar Helsestasjon Anna Balstad, einingsleiar Bu- og habiliteringstenestene Magne Værholm, økonomisjef

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling eller sakliste.
Innkalling og sakliste vart godkjent.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 21/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12. JUNI 2017
PS 22/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 23/17	FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «VESTNES KOMMUNE – HELSESTASJON- OG SKOLEHELSESTENESTER»
PS 24/17	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. JULI 2017
PS 25/17	BUDSJETTFORSLAG FOR 2018 FOR KONTROLL OG TILSYN
PS 26/17	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019
PS 27/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 28/17	EVENTUELT

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 12. juni 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Dagfinn Wiik
2. Frank Ove Belsvik

Kontrollutvalet si handsaming

Dagfinn Wiik og Frank Ove Belsvik vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 12. juni 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming**Referatsaker:**

- RS 21/17 **Årsmelding 2016 Kommunerevisjonsdistrikt 2.**
Sekretær opplyste om at tidlegare konstituert dagleg leiar Anny Sønnerland, har informert på e-post om dei oppgåvene som står att i dette selskapet. Det gjeld det økonomiske oppgjeret mellom Kommunerevisjonsdistrikt 2 og Møre og Romsdal Revisjon IKS, og avslutningsrekneskapet for Kommunerevisjonsdistrikt 2 som skal styrebehandlast. Kommunane vil då kunne få ei ekstrarekning, eller få tilbakebetalt noko.
- RS 22/17 **Protokoll frå styremøte i Kommunerevisjonsdistrikt 2, 26.6.2017 .**
Det vart frå utvalsmedlemmer kommentert at representant frå Vestnes kommune hadde forfall til møtet.
- RS 23/17 **Protokoll frå representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS, 15.6.2017.**
Det vart frå utvalsmedlemmer kommentert at representant frå Vestnes kommune hadde forfall til møtet. Utvalet synes det er viktig at kommunen er representert i dei selskapa kommunen har interesser i.
- RS 24/17 **Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, 4.9.2017 .**

RS 25/17 **Avslutning av tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med utviklingshemming i Vestnes** - Brev datert 5.7.2017 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal til Vestnes kommune, vedlagt referat frå møte mellom fylkesmannen og Vestnes kommune 6.6.2017.

RS 26/17 **ÅRIM: Innkalling til møte i representantskapet 27.10.2017** – Budsjett og økonomiplan 2018-2021.

RS 27/17 **Møte representantskapet i ÅRIM 21. september 2017 – Presentasjon og vedtak.**

Orienteringssaker:

OS 24/17 **Utkast til Oppdragsavtale mellom kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS**

Utkast til ein oppdragsavtale vart utdelt i møte og det vert høve for utvalet å kome med innspel. Kontrollutvalet vil truleg få avtalen til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

Utkastet er unnateke offentlege med heimel i Offl. § 13 jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.2.

OS 25/17 **Avslutning av tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med utviklingshemming i Vestnes –**

I brev datert 5.7.2017 frå fylkesmannen til Vestnes kommune, vert tilsynet avslutta. Fylkesmannen meiner at kommunen har rutinar og system på plass, men kommunen blir bedt om å følgje opp med å kvalitetssikre og implementere rutinane.

Einingsleiar i Bu og habiliteringstenesta, Anna Balstad, gav utvalet ei grundig orientering om korleis kommunen vil ta tak i dei åtte punkta som einingsleiar har identifisert i brevet at kommunen må følgje opp. Det kjem fram i brevet frå fylkesmannen at det vert vurdert ein ny systemrevisjon på området i 2018.

Anna Balstad og administrasjonssjef Tone Roaldsnes svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande).

PS 23/17	FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «VESTNES KOMMUNE-HELSESTASJON- OG SKOLEHELSETENESTER»
-----------------	---

Kontrollutvalet si tilråding

1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:
 - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.
 - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.
 - Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
 - Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.

Kontrollutvalet si handsaming

Einingsleiar i Barn, ungdom og familie, Elly Slettvoll og fagleiar for Helsestasjon, Anne Elin Frøysa, forvaltningsrevisor Einar Andersen og administrasjonssjef Tone Roaldsnes var tilstades under handsaming av denne saka.

Utvalsleiar Stig Holmstrøm gav uttrykk for at det er ei omfattande teneste, med mykje lov og regelverk å forhalde seg til. Det er ei teneste som er viktig for barn og unge i kommunen.

Vidare gjekk utvalsleiar gjennom alle problemstillingane. Administrasjonen og forvaltningsrevisor Einar Andersen orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet undervegs.

Administrasjonen stadfestar at dei kjenner seg att i det som kjem fram i rapporten.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen opplyser at det er Anny Sønderland, som no har slutta i revisjonen, som har hatt hovudansvar for arbeidet med rapporten.

Utvalsleiar framsette forslag om å endre den andre tilrådinga, då tenesta også i dag har kompetanse innan psykisk helse. Det vart foreslått å endre tilrådinga slik:

1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:
 - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.
 - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.
 - Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
 - Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag frå utvalsleiar. (5 voterande).

Sekretariatet si tilråding

1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå revisjonen:
 - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.
 - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for kompetanse innan psykisk helse.
 - Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
 - Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at revisjonen sine tilrådingar blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. juli 2017 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Økonomisjef Magne Værholm orienterte utvalet om hovudtala i rapporten. Økonomisjef og administrasjonssjef svart på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande).

Kontrollutvalet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018 med ei ramme på kr 857 250.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Kontrollutvalet si handsaming

Det er to utvalsmedlemmer som oppfyller krav til tapt arbeidsforteneste. Desse har so langt ikkje sendt inn krav til kommune, men vil gjere det. Utvalet vurderer at det då er behov for å sette av ressursar i budsjettet til å dekke dette.

Utvalet korrigerer difor beløpa i følgjande budsjettpost:

Post 1083 *Tapt arbeidsforteneste* vert korrigert frå kr 0, til kr 12 000,-

Post 1099 *Arbeidsgjevaravgift* vert korrigert frå kr 2750, til kr 4 000,-

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett vert då slik:

Konto	Tekst	Budsjett 2018
1082	Godtgjersle folkevalte	25 000
1083	Tapt arbeidsforteneste	12 000
1099	Arbeidsgjevaravgift	4 000
1102	Tidsskrift/abonnement	12 000
1150	Opplæring og kursutgifter	32 000
1160	Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.)	4 000
1171	Utgiftsdekning reise	12 000
1197	Kontingentar	6 000
	Sum kontrollutvalet si eiga verksemd	107 000
1390	Kjøp fra IKS der kommunen er deltakar	550 000
1350	Kjøp tenester frå interkommunale tiltak	200 250
	Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon	857 250

Det vart då fremja forslag om følgjande vedtak:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018 med ei ramme på kr 857 250.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018 med ei ramme på kr 844 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

PS 26/17	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet godkjenner Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, med dei endringar som kom fram i møte.

Kontrollutvalet oversender saka som referatsak til kommunestyret.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet sa seg einig i planen sitt innhald

Dette blir gjort følgjande korrigeringar i plana pkt. 4.1. Tilsyn med forvaltninga

Kulepunkt 4, blir korrigert slik:

- Dei kvartalsvise driftsrapportane inneheld informasjon om eksterne tilsyn. I nokre tilfeller får utvalet også framlagt tilynsrapportar og kommunen sitt svar/oppfølging.

Utvalet diskuterte om kontrollutvalet kunne fordele ansvar blant medlemmene for å følge med på saklister og møtebøker i dei andre utvala. Dette for å fange opp saker som er relevante for utvalet. Utvalet konkluderte med at kulepunkt 6, blir korrigert til

- Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for å følge med på dei andre politiske utvala

Dette blir då korrigert i plana pkt. 4.1. Tilsyn med forvaltninga.

Det vert frå utvalsleiar framsett følgjande forslag til tilføyning til sekretariatet si tilråding:
Kontrollutvalet oversender saka som referatsak til kommunestyret.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar utvalsleiar sitt forslag. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, med dei endringar som kom fram i møte.

PS 27/17	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering frå administrasjonen om dette området i kontrollutvalet sitt møte 16.11.16

02.10.17: Avviket er lukka jf. brev frå fylkesmannen 05.07.17. Utvalet fekk orientering frå einingsleiar Anna Balstad i dagens møte jf. OS 25/17. Det er varsla nytt systemtilsyn i 2018. Kontrollutvalet vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn.

Kontrollutvalet si handsaming

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

I dette møtet var det orientert frå administrasjonen knytt til følgjande sak på oppfølgingslista.

- **Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma,** sjå OS 25/17.

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 28/17	EVENTUELT
-----------------	------------------

Oppsummering av opplæringsdagen 28.8.2017

Utvalsleiar Stig Holmstrøm gav utvalet eit kort referat frå samlinga.

Stig Holmstrøm
leiar

Birgit Torkildson Grotle
medlem

Dagfinn Wiik
medlem

Frank Ove Belsvik
medlem

Lars Christian Fjørtoft
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær